



Hyllestad kommune
Kommunehuset
6957 HYLLESTAD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Hyllestad kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Hyllestad kommunestyre har i møte 09.12.2021, sak 085/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025.

Hyllestad kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettet med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Etter at Hyllestad fekk inntekter frå Havbruksfondet vart økonomien til kommunen vesentleg styrkt. I inneverande planperiode ser vi likevel at i åra med mindre utbetalingar frå Havbruksfondet, planlegg kommunen med større negative resultat, og må bruke frie fond for å oppnå balanse i drifta.

Utviklinga i perioden svekkjer handleevna til kommunen, og kommunen er sårbar med tanke på at ein er avhengig av inntekter ein ikkje rår over sjølve. Statsforvaltaren meiner at det er nødvendig å gjennomføre tiltak for å nærme seg eit snitt for netto driftsresultat på 1,75 prosent, og leggje dei vedtekne måltala som grunnlag for den økonomiske styringa av kommunen. Ein vil då kunne oppretthalde nivået på disposisjonsfondet og på den måten bidra til eigenfinansiering av investeringar.



Budsjett 2022

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 92 000 kroner, som utgjer 0 prosent av driftsinntektene. Resultatet blir overført til disposisjonsfond. Resultatet for 2021 utgjorde og 0 prosent av brutto inntekter. Rekneskapstal for 2021 viser at disposisjonsfondet utgjer 28,9 mill. kroner, som er 16,6 prosent av driftsinntektene. Tilsvarende tal for alle kommunar i landet (ekskl. Oslo) er 13,7 prosent i fri eigenkapital drift.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er til saman budsjettert med 108,9 mill. kroner. Prognosen til KS etter RNB og kommuneproposisjon 2023 og oppdaterte folketal, ligg noko høgare. Folketalet har gått ned siste året med 0,31 prosent som tilsvarar 4 personar.

Av andre sentrale inntekter er eigedomsskatt budsjettert med 4,8 mill. og midlar frå Havbruksfondet 14,1 mill. kroner. Netto finansutgifter er budsjettert til 6,9 mill. kroner.

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddel og tilskot til andre sine investeringar for til saman 13 mill. kroner. Dette skal finansierast med 11,4 mill. i nye lån, og sal av anleggsmiddel for 1,6 mill. kroner. Dei største investeringane er ved Hyllestad skule og Hyllestad barnehage, og til rehabilitering av kommunehuset.

Rekneskap for 2021 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 190,9 mill. kroner, som utgjer 109 prosent av driftsinntektene. Tilsvarende er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 114,5 prosent.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.

Sum driftsinntekter og driftsutgifter er budsjetterte på om lag same nivå gjennom heile økonomiplanperioden. Det er såleis ikkje lagt inn større endringar i netto rammer til tenesteområda. Samla reduksjon i overføringane utgjer om lag 2 mill. kroner i løpet av perioden. Inntekter frå Havbruksfondet er i 2023 lagt inn med 4,8 mill. kroner, 14,1 mill. i 2024 og 4,8 mill. kroner i 2025. Årlege netto finansutgifter ligg på same nivå heile perioden på 6,9 mill. kroner.

For heile økonomiplanperioden er det i sum budsjettert med negative netto driftsresultat på – 13,7 mill. kroner, og det er meirforbruk i dei åra det er mindre utbetalingar frå Havbruksfondet. Dette blir dekt med bruk av disposisjonsfond og bunde driftsfond.

Det er planlagt investeringar i anleggsmiddel for 26,8 mill. kroner. Av dette er 26,7 mill. kroner planlagt finansiert med nye lån. Kommunen har ei netto renteeksponert gjeld på 71 prosent, jamfør Kommuneproposisjonen for 2023.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande finansielle måltal:



- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er i gjennomsnitt 1,75 prosent eller større. Målalet gjeld frå og med 2024, med ei gradvis redusering av drifta i budsjetta for 2022 og 2023.
- Disposisjonsfondet skal vere minimum i gjennomsnitt 8 prosent av brutto driftsinntekter.
- Løyvingar frå disposisjonsfondet bør i all hovudsak vere til prosjekt og tiltak som ikkje har varig aukande effekt på driftskostnadene.
- I økonomiperioden skal nye låneopptak ikkje overskride avdrag.

Etter budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025 er det berekna følgjande resultat:

Mål:	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat i gj.sn. 1,75 %	0,05 %	- 5,4 %	1,16 %	- 4,76 %
Disposisjonsfond gj.sn. over 8 %				
Utvikling i lånegjeld i % av br. inntekter				

* Utvikling av disposisjonsfond og lånegjeld er ikkje vist i prosent av inntekter

Statsforvaltaren sine vurderingar

Etter at Hyllestad fekk inntekter frå Havbruksfondet vart økonomien til kommunen vesentleg styrkt. I inneverande planperiode ser vi likevel at i åra med mindre utbetalingar frå Havbruksfondet, planlegg kommunen med større negative resultat, og må bruke frie fond for å oppnå balanse i drifta.

Gjelda aukar og er høgast i 2023, for så å avta noko i slutten av perioden. Det er ikkje lagt inn auke i renteutgifter med tanke på eit stigande rentenivå.

Utviklinga i perioden svekkjer handleevna til kommunen, og kommunen er sårbar med tanke på at ein er avhengig av inntekter ein ikkje rår over sjølv. Statsforvaltaren meiner at det er nødvendig å gjennomføre tiltak for å nærme seg eit snitt for netto driftsresultat på 1,75 prosent, og leggje dei vedtekte måltala som grunnlag for den økonomiske styringa av kommunen. Ein vil då kunne oppretthalde nivået på disposisjonsfondet og på den måten bidra til eigenfinansiering av investeringar.

Vi gjer merksam på at etter kommunereforma i 2020 utarbeida SSB nye kommunegrupper. Hyllestad er no i gruppe 14.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent